



Silje Margrethe starta onsdag som lærling

Silje Margrethe Eik Gjerde frå Eik i Uskedalen er berre 19 år - men om 2 år er ho både bakar og konditor - utdanna hos ingen ringare enn Peder Sjo Slettebø og Elin Enes. Det vitnar om pågangsmot og framtidstru. Men ho starta tidleg - ho var berre 14 då ho tok til i jobb hos Yngve på Husnes!



No har Elin fått ein lærling ved si side

Silje Margrethe fekk det synlege prov på at ho er bakar i førre veka etter å ha vore lærling hos Peder på Halsnøy i 2 år. Tidleg hadde ho allereie neste steg på framtidsvegen klår - ho ville verta både bakar og konditor.

- Eg kjem til å jobba 50 prosent både i Uskedalen og på Halsnøy, fortel ho etter å ha baka dei fyrste bollar, sjokoladekjeks og pikekyss i Elin's Matgleder. Det var ho som spurde om det var lærlingeplass ledig der.

Og Elin slo til og ser fram til litt stuttare arbeidstid.

Det er tydeleg at ho har stor tillit til lærlingen, som hadde den fyrste arbeidsdagen sin hos Elin onsdag.

Sjølv er Silje Margrethe mest glad i formkake, men ho likar helst å baka bløtkake og marsipankake.

Og som bakar og konditor reknar ho ikkje med å verta arbeidsledig. Kanskje startar ho ein gong også på 'eigen kjø'?

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen